



**Kommunal tiltaksstrategi for
økonomiske verkemidler i landbruket
2017- 2020**



Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket - SMIL

Tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket

Revidert utgåve 2017

Innhald

Tilskotsstrategi for spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)	3
Føringar og retningslinjer	3
Prosess og lokal forankring	3
Grunnlag, verdiar og utfordringar	3
<i>Kulturlandskapsverdiar</i>	4
<i>Utfordringar knytte til miljø, ureining og naturmangfald</i>	5
Mål og prioriteringar	5
<i>Prioriteringar frå fylkesmannen</i>	5
<i>Prioriteringar i Luster kommune</i>	6
Tiltak – tilskotsbehov	8
Tilskotsstrategi for nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK)	9
Grunnlag, verdiar og utfordringar	9
Mål og prioriteringar	10

Tilskotsstrategi for spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)

Føringar og retningslinjer

Overordna retningslinjer for bruken av SMIL-midlane er fastsette i *Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket* (SMIL-forskrifta) av 2004. Kommunen skal ha overordna retningslinjer for prioritering av søknadane. Retningslinjene bør innehalde miljøfaglege kriteriar, og evt. andre kriteriar som gjev kommunen eit godt grunnlag for å prioritere mellom søknadane. Retningslinjene skal fastsetjast i dialog med fylkesmannen og næringsorganisasjonane i jordbruket lokalt.

Kommunen sine målsetjingar og prioriteringar bør vere tufta på grunnlagsdata for verdiar og utfordringar. Det er viktig å ta omsyn til nasjonale og regionale miljømål. Tiltaksstrategien skal skissera kva som er viktigast i vår kommune ut frå føremålet med tilskotsordninga. Luster kommune sin tiltaksstrategi er frå 2004 (revidert i 2008, 2012 og 2017).

Prosess og lokal forankring

Tiltaksstrategien for SMIL er utforma av Luster kommune i samarbeid med bondelaga i Luster, Bonde- og Småbrukarlaget og Luster Sau og Geit. Det faglege og administrative handlingsrommet er fastsett i *Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket*. Plan- og forvaltningsstyret har vedteke strategien 03.04.2017.

Grunnlag, verdiar og utfordringar

Luster kommune er i ei særstilling når det gjeld jordbruk og kulturhistorie. Ikkje berre er kommunen omfangsrik geografisk, han har også eit uvanleg stort mangfald av naturtypar, klimasoner og tradisjonar. Byggje- og driftsteknikkar representerer mellom anna storgardar, embetsgardar, høgdegardar og husmannsplassar, og med særtrekk frå to landsdelar.

Også i dag er landbruk ei hovudnæring i Luster kommune, med 248 bruk i drift (søklarar til produksjonstilskot 2015, Landbruksdirektoratet). I tillegg er reiselivet ei veksande næring som gjev viktig inntekst for mange lustringar, og som knyter seg sterkt til natur- og kulturlandskapskvalitetane i kommunen. Omsynet til opplevingsverdien av dei enkelte SMIL-tiltaka er difor viktig å ta med i vurderinga.

SMIL- prosjekta dei siste åra har fordelt seg over heile kommunen, med hovudtyngd på restaurering av bygningar og rydding av attgrodd beitemark (tabell 1). Gjennom SMIL-strategien styrer kommunen kva tema som skal prioriterast, men det er søklarane sine initiativ som avgjer kva SMIL- midlane vert brukte til.

Tabell 1. Fordelinga mellom SMIL- prosjekt 2012- 2016.

Tiltakstype	Samla tal søknader				
	2012	2013	2014	2015	2016
Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt	0	0	0	0	0
Gamal kulturmark	11	8	13	8	15
Biologisk mangfald	0	0	0	0	0
Tilgjenge/opplevingskvalitet	2	7	4	2	1
Freda og verneverdige bygningar	20	12	7	8	5
Andre kulturminne/-miljø	3	9	5	2	0
Miljøtiltak (ureining mm)	1	0	0	0	1
Tal søknader totalt	37	36	29	20**	22

** Frå 16.02.2015- 01.01.17 var det kun føretak som var berettiga produksjonstilskot som kunne få innvilga SMIL- midlar.

Kulturlandskapsverdiar

Jordbruket har svært lange tradisjonar i Luster. Eit godt døme på det er høgdegarden Ormelid med spor etter jordbruk 4000 år tilbake. Dyrking og husdyrhald har vore ein hovudleveveg gjennom uminnelege tider, og er det framleis i dag. Når SMIL- midlane skal fordelast, er det viktig å ha fokus på konkrete natur- og landskapsverdiar som er særmerkte for dei ulike bygdene, samstundes som ein greier å femna om mangfaldet og det store spekteret.

Luster kommune ønskjer spesielt å framheve fylgjande natur- og landskapsverdiar:

Opne landskap. Det opne landskapet har høg trivselsverdi, er leveområde for ei lang rekke plante-, dyre- og insektartar, og er dessutan ein viktig del av merkevara vår i reiselivssamanheng. Attgroing vert halde for å vera det største trugsmålet mot naturmangfaldet og framtida for distrikta. Gjennom SMIL- ordninga kan det offentlege honorera den krevjande jobben det er å rydda attgrodd beitemark for å ta henne i bruk att til beite. Luster har mange verdifulle slåttemarkar, ein landskapstype som har stort fokus på nasjonalt nivå gjennom satsinga 'utvalde naturtypar'.

Bindande strukturar, som til dømes gamle steingardar, bakkemurar og ferdsselsvegar. Desse skaper samanheng og heilskap i landskapet. Det skal leggjast vekt på at stølsvegane og mange steingardar framleis gjer nytte for seg i samband med beitenæring og rekreasjon. Ved å prioritera tiltak som gjeld bakkemurar og steingardar byggjer ein også opp under målsetjingane for Regionalt miljøprogram for Sogn og Fjordane. Når det gjeld ferdsselsvegar er det berre tiltak relatert til jordbruksdrift eller tiltak som knyter saman kulturlandskap som kvalifiserer til SMIL- tilskot.

Bygningar og kulturlandskap knytt til bruk av utmark har vore viktige innan den tradisjonelle gardsdrifta i historisk perspektiv. Det er over 360 stølar i kommunen, og eit stort tal utlør i varierende forfatning. Løene har ikkje nokon bruksverdi i moderne jordbruk, og har heller ikkje same potensialet til fritidsbruk som til dømes sel og naust. Dei er difor i ferd med å forsvinna i raskt tempo.

Høgdegardane er eit særmerke for Vestlandet, mange av høgdegardane i Luster har truleg stor nasjonal kulturminneverdi. Høgdegardane er ein viktig og framtrekande del av Lustralandskapet, og dei mange fascinerande historiene knytt til høgdegardane har stor verdi i reiselivssamanheng.

I Luster har husmannsvesenet stått sterkt, og arbeidet med å sikra spora etter husmennene vil få mykje merksemd i kommunedelplanen for kulturminne som er under utarbeiding.

Utfordringar knytte til miljø, ureining og naturmangfald

Ei utfordring er få fram gode prosjekt på områda ureining og naturmangfald.

Til dømes er det høgst truleg fleire artsrike slåtteeenger i kommunen som burde vore dokumenterte og skjøtta med særleg tanke på bevaring av artsmangfaldet. Den ekstra kostnaden som fylgjer av tilpassingane til omsynskrevjande artar kan dekkast 100% av SMIL, jf. forskrifta.

Tiltak for å redusera eller hindra avrenning frå husdyrgjødsel i utekveer og samleplass for beitedyr, avrenning frå rundballar, tiltak for å hindre gasstap, luktplager og liknande er aktuelle tiltak i tilknytning til eksisterande driftsbygning eller driftsopplegg.

Mål og prioriteringar

Prioriteringar frå fylkesmannen

Midlane vert tilført fylkesmannen frå staten over jordbruksavtalen. Fordelinga mellom kommunane baserer seg på søknadsomfanget frå tidlegare år, og statistisk fordeling av fulldyrka areal på vekstgruppene grovfor, korn, potet, grønsaker, frukt og bær. Det skal framgå av retningslinjene korleis SMIL og RMP kan sjåast i samanheng.

Fylkesmannen skal medverke til at kommunane prioriterer tiltak med god miljøeffekt, og at det vert drive ei aktivitetsfremjande forvaltning av midlane.

Målt i aktivt drive jordbruksareal og tal på føretak med produksjonstilskot er Luster ein stor jordbrukskommune. Det kjem vanlegvis mange gode søknader, noko som er ein føresetnad for å få til ei god tilskotsforvaltning, og syner at det er eit stort potensiale for SMIL i Luster. Luster er den kommunen i fylket som har fått klart mest SMIL- midlar til disponering dei siste åra.

Prioriteringar i Luster kommune

Føremålet med SMIL- ordninga er *å fremje natur og kulturminneverdiane i jordbruket sitt kulturlandskap, og redusere forureininga frå jordbruket utover det som kan forventast av vanleg jordbruksdrift.*

SMIL- ordninga skal koma det aktive landbruket til gode.

Tilskot kan innvilgast til føretak som oppfyller kriteria som framgår av *forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket* til ei kvar tid. Pr 01.01.17 kan tilskot innvilgast til føretak der det føregår ein tilskotsberettiga produksjon på landbrukseigedomen, og som oppfyller vilkår i *forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket § 2 og § 3 eller §4*, samt vilkår i *forskrift om gjødslingsplanlegging*.

Luster kommune har fylgjande prioriteringar for bruken av SMIL- midlar i 2017-2020:

Prioritet 1:

- Restaurering av eldre stølshus og stølsmiljø
- Restaurering av løer
- Restaurering/ rehabilitering av steingardar og bakkemurar
- Rydding av slåtte- og beitemark
- Restaurering av gamle ferdselsveggar knytt til jordbruk
- Tiltak som hindrar/reducerer ureining, som til dømes avrenning

Prioritet 2:

- Andre kulturhistorisk verdifulle bygningar knytte til gardsdrift
- Tiltak som bidreg til å ta vare på biologisk mangfald i Luster kommune
- Utarbeiding av skjøttsplanar for spesielt verdifulle område

Prioritet 3:

- Tiltak som bidreg til auka allmenn kjennskap til husmannsvesenet
- Fjerning av forvilla førekomstar av framande artar
- Tiltak på hus som er i bruk til bustad skal nedprioriterast, men ikkje utelukkast.
- Det skal normalt ikkje gjevast tilskot til rekonstruksjon av bygningar som ligg nede. Det kan gjerast unntak i særlege høve, til dømes dersom tufta utgjer ein del av eit gammalt bygningsmiljø som er særleg autentisk.

For alle tiltak:

- Søkjarar som har rett på produksjonstilskot med tiltak på eige bruk eller leigejord skal prioriterast framfor andre søkjarar.
- I vurderinga skal det takast omsyn til tiltaket sin ålmenne verdi i form av synleggjering/tilgjengeleggjering av kulturlandskapskvaliteten det er snakk om.
- Dersom tiltaket er knytt til eit nasjonalt, regionalt eller lokalt verdifullt natur- og kulturlandskap, skal dette vektleggjast i vurderinga.

Vilkår og presiseringar

Ved restaurering av gamle bygg og anlegg bør det alltid liggja antikvariske prinsipp til grunn for utføringa, med mindre prosjektet har andre særskilte behov. Dette skal avklarast før oppstart. Med antikvariske prinsipp meiner me:

- å ta vare på bygningen sin eigenart og heilskapsinntrykket til kulturmiljøet
- å endra så lite som mogleg. Reparasjon skal føretrekkast framfor utskifting
- å bruka tradisjonelle, stadeigne materialar, teknikkar og fargar

Det kan gjevast tilskot til berande konstruksjonar og utvendig synlege konstruksjonar, samt golv, pipe og eldstad, men ikkje til innkjøp av ny omn eller pipe. Med utgangspunkt i at innreiinga ikkje er til glede for ålmenta, og ikkje tener til å fremja kulturlandskapet, skal det normalt ikkje gjevast tilskot til restaurering av innreiinga i bygningar. Døme på unnatak kan vera båsinnreiinga i ein stølfjøs som står ulåst.

Ved rydding av attgrodd beite- og slåttemark er det vilkår om at området, etter ferdigstilling, vert halde vedlike ved beite eller slått. Stubbebehandling vert sett som vilkår dersom ikkje anna er avklara på førehand. Det kan løyvast tilskot til gjerde når dette er ein del av eit tiltak for å rydde eit beiteområde eller styre beitinga mot eit biologisk verdifullt område.

For tiltak som legg til rette for ferdsel til fots og opplevingar i naturen er det vilkår om skilting eller merking. Kostnad med skilt og utstyr til merking bør inngå i kostnadsoverslaget.

Avgrensingar

For at SMIL skal komma fleire til gode, bør summen av SMIL- tilskot normalt ikkje overstiga kr 200 000 til same landbrukseigedom over ein periode på mindre enn 10 år.

Prinsippet om at ein søkjar ikkje kan få innvilga ein ny søknad så lenge han har eit pågåande prosjekt vert vidareført. Dette gjeld ikkje dersom det dreier seg om ein tilleggssøknad til det same tiltaket.

Vedlikehald av gjerde eller inngjerding av vanlege produksjonsareal med dyrka mark og kulturbeite fell utanfor SMIL- ordninga.

Det vert ikkje gjeve tilskot til tiltak som er gjennomført før søknadstidspunktet.

Forhold til beitebruksmidlar

Søknader frå beite-/sankelag som er positive både for beitebruk og kulturlandskapet bør som regel sendast til fylkesmannen og behandlast etter ordninga beitebruksmidlar.

Søknader frå enkeltpersonar kan vurderast av kommunen innanfor SMIL- ordninga. Dersom føremålet med tiltaket er å fremja beitebruken i området med 50% eller meir, bør søknaden behandlast som ein søknad om beitebruksmidlar. Dette gjeld ikkje prosjekt som omhandlar rydding av slåtte- og beitemark.

Eksterne finansieringskjelder

Prosjekt kan delfinansierast med bidrag frå andre kjelder. For søknader med finansiering frå det offentlege skal den samla offentlege finansieringa maksimum utgjere 70 % av tilskotet. Det gjeld ikkje for tiltak der det kan ytast tilskot med inntil 100 % etter forskrifta.

Ved delfinansiering vert grunnlaget for det godkjente kostnadsoverslaget rekna ut i frå restsummen eller restprosenten, etter at annen delfinansiering er trekt ifrå det totale kostnadsoverslaget.

Tiltak – tilskotsbehov

Dei siste fem åra (2012- 2016) er søknadsmengda noko redusert, noko som synes å ha samanheng med endringa i forskrifta frå 2015. Samstundes er rammetildelinga redusert betrakteleg på fem år. Gjennomsnittet ligg på 29 søknader pr. år.

Tabell 2 syner tal på søknader, tal på tilskot og rammeløyvinga for perioden 2012- 2016.

	2012	2013	2014	2015*	2016
Tal søknader	37	36	29	20	22
Tal innvilga	28	31	26	19	21
Rammeløyving (frå fylkesmannen)	700 000	800 000	780 000	580 000	550 000
Kommunen si rammetildeling (inkludert inndregne midlar og evt. ekstramidlar)	1 012 300	980 400	1 077 200	701 800	741 500

* Frå 16.02.2015- 01.01.17 var det kun føretak som var berettiga produksjonstilskot som kunne få innvilga SMIL- midlar.

- Det er venta at søknadsmengda vil halde seg stabil for restaureringsprosjekt på husmannsplassar, stølsbygningar, løer og andre kulturhistoriske verdifulle bygningar.
- Det er venta at tal søknadar for rydding av beite- og slåttemark vil halde seg stabil dei neste fire åra.
- Kommunen ønskjer handlefridom til å støtta andre gode prosjekt som fell inn under SMIL –forskrifta.

Luster kommune ynskjer å sjå SMIL i samanheng med kulturminneplanen (2017- 2029), som er under utarbeiding, og andre tilskotsordningar på kultursektoren. SMIL- tilskot vil då bidra til å realisera prosjekt som byggjer oppunder felles målsetnad. Det same vil gjelda for RMP. Det lyt vera eit mål å balansera tilskotet til kvart prosjekt slik at ein får mest mogleg verdiskaping for pengane.

Luster kommune vil vera avhengig av at rammetildelinga dei neste fire åra ikkje vert ytterlegare redusert dersom me framleis skal ha høve til å imøtekoma gode søknader i tilsvarande omfang som no.

Tilskotsstrategi for nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK)

Luster kommune har strategi for bruk av statlege tilskotsmidlar for skogbruket, NMSK, i same strategiplan som midlane innan jordbruk, SMIL. I tillegg til kommunen som forvaltningsstyremakt har og Fylkesmannen hand om tilskotsordningar innan skog, der kommunen fyrst og fremst førebur saken, uttalar seg og innstiller. Dette gjeld ved:

- tilskot til skogsvegbygging
- tilskot til drift i vanskeleg terreng

Grunnlag, verdiar og utfordringar

Luster kommune har no skogbrukssjef i 40% stilling og vedkommande arbeider i tillegg i 20% stilling med skogbruksoppgåver i Sogndal, Lærdal og Aurland. Hogstaktiviteten har vore ujamn i Luster kommune dei seinare åra. I dag er det entreprenørdrifter som gjev utslag i hogststatistikken. Det var høge hogsttal i Luster for åra 2012 og 2014. Når det gjeld planting har det vore relativt høg aktivitet alle dei seinare åra. Det vert arbeid med gjennomføring skogsvegbygging, der hovudplanen for skogsvegar er eit sentralt styringsdokument. Per no er fire av tretten skogsvegar i hovudplanen bygd ferdig.

Luster kommune har i tillegg til statstilskotet innan skogbruk og eit kommunalt tilskot på 20% til dei tiltak som har rett på støtte frå NMSK-midlar.

I dag vert det meste av NMSK-løyvinga frå Fylkesmannen betalt ut til planter og planting. Det vert då gjeve totalt 50% tilskot på utgiftene. Frå 2016 vart det innført eit eige tilskot for tettare planting som gjev 80% statstilskot på dei plantene som er planta utover minimumstalet. T.d. på ein G20 (gran) bonitet er minimum plantetal 200 planter. Ein vil då få eit tilskot på 50% av utgiftene på 200 av plantene. Plantar ein 250 stk. vil ein få 80% statstilskot på 50 av plantane og plantearbeidet med desse. Ordninga er eit klimatiltak frå regjeringa.

Utfordringane framover er planting av ny skog etter hogst. I den nye skogbrukslova vart foryngingsplikta skjerpa, mellom anna har kommunen mogelegheit til å setje i gong tiltak på skogeigar si rekning om ikkje foryngingsplikta er oppfylt innan fem år. Det er ikkje krav om planting, men i dei fleste høve her på Vestlandet er planting det beste ein kan gjere for forynging når det gjeld resultat men og kostnadseffektivitet. Satsing på naturleg forynging krev gjentekne rundar med ugrasrydding og avstandsregulering. Det er dei færraste areal som er eigna for dette. Det vert difor viktig å halde fram med fokus på skogplanting og dei relativt gode tilskotsordningane som finst for slik arbeid. Eit anna viktig argument for rask planting etter hogst er CO₂ binding. Mellomstor og stor skog i vekst er ein god bindar av denne klimagassen, medan busk og kratt ikkje er det.

Elles er den vidare oppfølginga av plantefelt og ungskogfelt ei viktig prioritering. Dette inneber kontroll av plantefelt med suppleringsplanting og ugraskontroll der det er aktuelt, i tillegg til mekanisk rydding av lauvoppslag i felt med gran.

Ein del mark er best eigna for furu eller bjørk, og i gode bestand av desse treslaga vil ulike skjøtseltiltak som trinnvis avstandsregulering (bjørk) og kvisting (furu og bjørk) vere med på å auke verdien av desse ressursane. Vil vi altså halde fram med oppmoding om kultivering av lauvskog og å gje tilskot til dette der ein har potensielle kvalitetsbestand. Det er ynskjeleg at desse ligg i lågare høgdelag og i nærområdet mot innmark, sjø og vassdrag. Krav om førehandsgodkjenning gjeld for alle slike tiltak.

Ordninga med skogfond er svært gunstig for skogeigaren. Ved uttak av tømmer skal skogeigar setje av mellom 4% og 40% av bruttoverdi tømmer. Desse midlane kan nyttast til ei rekke føremål innan skogbruket, og ein oppnår skattefritak på 85% av beløpet når dette takast ut til skogsvegbygging, skogplanting, skogskjøtsel m.m. Dette svarar til eit «tilskot» på rundt 30% av kostnaden til tiltaket og kjem i tillegg til sjølve tilskotet. Utfordringa er å setje av nok skogfondmidlar med omsyn til kva aktivitet ein har planlagd dei nærmaste åra. Kurs i bruk av skogfond vart arrangert av Luster kommune i 2015 og i 2016.

Mål og prioriteringar

Med bakgrunn i dette vil Luster kommune ha fokus på følgjande når det gjeld tilskotsbruk (NMSK) i neste periode:

Prioriteringar 2017-2020

- Tilskot til planting etter hogst
- Tilskot til suppleringsplanting
- Kultivering av lauvskog på typiske lauvskogfelt i lågare høgdelag
- Etterarbeid i plantefelta; mekanisk etterarbeid, avstandsregulering og stammekvisting
- Markriving på furumark

Luster kommune ønskjer samstundes å fremja bærekraftig næringsutvikling, og skjerma sårbare område mot vesentlege tap av miljøverdiar.